



Gunnar Myklebust får truleg forlengja denne kaia med 13 meter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gunnar Myklebust har søkt om å få fullføra eit kaiprojekt som far hans byrja på for om lag 30 år sidan og laga ein skulekai for Skorpefolket Saka skal opp i forvaltningskomiteen onsdag.

Faren til Gunnar støypte den gongen inn den gamle steinkaia for å sikra den mot utrasing. Han slog også ned tre jernskinnar på utsida av kaia med tanke på å utnytta skinnene til fundament for trekai og flytebyggje. Sist haust spurde Ole Kristoffer Vågen på Skorpo Gunnar om han kunne nytta kaia når han skyssar barna sine til og frå barnehagen. Dette fekk han lov til då det er ein stor fordel for Gunnar å ha dagleg tilsyn med båt, kai og naust. Når han brukar denne kaia får borna til Vågen monaleg kortare veg til barnehage og seinare til skule enn om dei må gå heilt frå båthamna.

Men før Gunnar har fått utvida kaia er det ikkje så ofte Vågen kan nytta den fordi det er for grunt. Difor søkjer han om dispensasjon frå gjeldande planer for å byggja trekai og leggja ut flytebyggje med landgang – tilsaman 13 meter - som forlengjing på betongkaia. Opprinneleg kai er 23 meter.

Eigedommen ligg i eit naustområde og er bebygd med naust. Sjøområdet utanfor er vassareal for allment friluftsliv i gjeldande kommunedelplan og friområde i sjø og vassdrag i reguleringsplanen. Kystverket har godkjent prosjektet og administrasjonen i kommunen finn ikkje at forlengjing av kaia vil verta vesentleg til hinder for den allmenne ferdsla og høve til aktivt friluftsliv på sjøen i dette området. At innbyggjarar på Skorpo kan nytta kaia, ser administrasjonen på som eit samfunnsnyttig tiltak.

Av Ola Matti Mathisen